



Arkivnr: 2014/12505-4

Saksbehandlar: Sissel Øverdal

## Saksframlegg

### Saksgang

| Utval                       | Saknr. | Møtedato   |
|-----------------------------|--------|------------|
| Opplærings- og helseutvalet |        | 13.05.2014 |
| Fylkesutvalet               |        | 20.05.2014 |

## Skuletilbod for ungdom i Etne og Vindafjord – vidare utgreiingsarbeid

### Samandrag

Fylkesordførarane i Hordaland og Rogaland har bedt om ei utgreiing, jf. mandat, som gjer greie for korleis ein kan sikre ein langsiktig og berekraftig tilbodsstruktur ved dei to skulane i Etne og Vindafjord kommunar. I arbeidet har prosjektgruppa mellom anna vurdert organisatoriske endringar. Ein har kome fram til at om ein skal innfri mandatet og leggje til rette for eit godt offentleg tilbod, må skuletilboden i Etne og Ølen organiserast som *ein* skule med felles leiing og administrasjon. Ei slik felles skuledrift inneber at ein må organisere drifta slik at dei delane som gjeld utøving av offentleg mynde, blir handsama innanfor rammene av gjeldande lovgeving. I tillegg må det lagast ein detaljert privatrettsleg avtale der alle praktiske og økonomiske spørsmål som gjeld eigedomar, tilsette m.m. blir handsama. Tilrådinga som her ligg føre, er eins i dei to fylka.

Dersom forslag om ein felles skule ikkje vert vedtatt, er det mest nærliggande å tenkje seg at samarbeidet vil halde fram som i dag med kjøp og sal av elevplassar og at skulane som hovudregel ikkje tilbyr dei same utdanningsprogramma/programområda.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkesrådmannen held fram med arbeidet med utgreiing av ny organisering av det vidaregåande skuletilboden i Etne og Vindafjord kommunar med mål om å få til *ein* felles skule med felles styring, leiing og administrasjon.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut korleis dei organisatoriske, administrative og politiske sidene ved ei slik felles skuledrift kan løysast innan gjeldande lovgeving.
3. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende med sak som omhandlar endeleg forslag til samarbeidsmodell.

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Svein L. Heggheim  
fylkessirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Eit framtidsretta vidaregåande skuletilbod i Etne og Vindafjord kommune (mandat)
- 2 Advokatfirmaet Thommessen: Rettslig grunnlag for fylkeskommunalt samarbeid om drift av videregående skoler på tvers av fylkesgrenser

**Fylkesrådmannen, 12.05.2014**

**Bakgrunn**

Hausten 2013 vart det starta opp eit utviklingsprosjekt for å greie ut mogeleg samarbeid om vidaregåande opplæring for ungdom frå Etne og Vindafjord kommunar. Hovudføremålet med arbeidet er å sikre ungdom på begge sider av fylkesgrensa best mogleg skuletilbod av høg kvalitet. Prosjektgruppa er sett saman av representantar frå opplæringsleiinga både i Rogaland og Hordaland, dei to rektorane frå Etne og Ølen vidaregåande skule og omstillingstillitsvalde frå både fylka. Arbeidet er forankra i mandat frå fylkesordførarane i dei to fylka, jf. vedlegg 1.

Denne saka vert lagt fram for at fylkestinget kan ta stilling til kor vidt ein ynskjer *ein* felles skule i Etne og Vindafjord og korleis drift, forvaltning og administrasjon skal organiserast. Likelydande sak vil bli lagt fram i Rogaland.

### **Kort om dei to skulane**

Dei to vidaregåande skulane har sidan Vindafjord sin overgang til Rogaland vore to sjølvstendige skular. I samband med etableringa av Ølen vidaregåande skule vart det utarbeidd ein samarbeidsavtale på tvers av fylkesgrensa i høve kjøp og sal av elevplassar til utdanningsprogram som ikkje alt var etablert på ein av dei to skulane. Denne avtalen har medført at Hordaland fylkeskommune (HFK) årleg har kjøpt om lag 60-80 elevplassar av Rogaland fylkeskommune (RFK) på Ølen vidaregåande skule, medan RFK har kjøpt om lag 5-10 elevplassar av HFK på Etne vidaregåande skule.

I dag har Etne vidaregåande skule 82 elevar, 26 tilsette og to skulestader (Etne og Tesdal).

Ølen vidaregåande skule har 263 elevar, 62 tilsette og to skulestader (begge i Ølen). Det er om lag ei mil mellom dei to skulane. Ein ny felles skule vil ha rundt 150 plassar på vidaregåande trinn 1 og gir innanfor dagens skular tilbod i 9 av 12 utdanningsprogram. Til saman har dei to kommunane rundt 180 avgangselevar i 10. klasse.

### ***Ein* felles skule**

Målsettinga med utviklingsprosjektet i Etne og Vindafjord, er «å sikre eit framtdsretta og robust opplæringstilbod av god kvalitet, som gjer at ungdom på begge sider av fylkesgrensa i praksis har likeverdig tilgang til eit felles tilbod». Denne målsettinga set høge krav til samarbeid og samordning mellom skulane i Etne og Vindafjord, og mellom dei to eigarfylka. Hordaland og Rogaland fylkeskommune har i mange år kjøpt elevplassar av kvarandre. Eit nærrare og meir omfattande samarbeid mellom dei to fylka og mellom skulane har vore drøfta fleire gonger utan at ein har kome fram til felles forpliktande avtalar.

I mandatet heiter det vidare at: «Prosjektet skal .. vurdere organisatoriske endringar, medrekna ein ny skulestruktur, eventuelt tettare og meir formalisert samhandling mellom dei noverande skulane». Etter ei vurdering av tidlegare tiltak og samordningsforsøk har prosjektgruppa kome fram til at om ein skal innfri mandatet og leggje til rette for eit godt offentleg tilbod, må skuletilbodet i Etne og Ølen organiserast som *ein* skule med dei lokaliseringane ein har i dag. Dette vil bety at skulen skal ha *ei* leiing, *ein* administrasjon, og det skal vere ein søknadsprosess for ungdomane.

Ein felles skule vil ha betre grunnlag for berekraftige tilbod, lærarrekuttering, effektivisering over tid og for eit styrka fagleg og pedagogisk miljø. I dag er det naturleg for ungdom frå desse kommunane å søke hospitering og læreplassar på tvers av både kommune- og fylkesgrensa. Sett frå næringslivet og fagopplæringa er det enklare å ha samarbeid med *ein* skule og *ei* leiing i denne regionen, slik at dei som er brukarar av skulen, opplever eit sams og vel tilpassa vidaregåande tilbod.

### **Eigarskapsavklaring**

Dersom fylkeutvalet vedtek å fortsette arbeidet med *ein* felles skule på tvers av fylkesgrensa, må det takast stilling til korleis samarbeidet mellom dei to fylka skal organiserast. Skuleeigar for denne felles skulen kan vere enten Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune eller eigarskapen kan vere delt. Frå begge fylka har det kome signal om at det er ynskjeleg med delt eigarskap. Med *ein* skule og *ei* leiing vil det vere upraktisk med to skuleeigarar.

Det har vore henta inn ei juridisk vurdering av om det er mogleg å organisere samarbeidet gjennom a) kommunelova § 27 som eit interkommunalt selskap og b) etter § 28 –1 vertskommunesamarbeid, jf. vedlegg 2. Vertskommunesamarbeid kan enten vere administrativt leia, eller vere styrt gjennom ei felles folkevald nemnd. Organisasjonsmodell a) er ikkje tilpassa utøvinga av offentleg mynde som skuledrift krev. Modell b) er mogleg, men vil krevje mykje forarbeid før den kan bli sett i verk, og ei eventuell effektivisering av drifta er vanskeleg å vurdere innleiingsvis.

Kjernen i modell b) vertskommunesamarbeid er at fylkeskommune A på vegne av fylkeskommune B får overført kompetanse og mynde til å treffe avgjersler og forvaltningsvedtak innanfor eit nærare definert område og innanfor fastsette rammer. Områda det gjeld, og rammene, må defineraast i ein samarbeidsavtale (sjå under).

Det finst to hovudformer for vertskommunesamarbeid: administrativt vertskommunesamarbeid eller eit samarbeid som er politisk styrt gjennom ei felles folkevald nemnd. Administrativt vertskommunesamarbeid kan nyttast for sakstilhøve som ikkje omfattar prinsipielle spørsmål. Konkret betyr dette at ei administrativ delegering kan nyttast i alle høve der det er tale om utøving av forvaltningsmynde eller avgjersler som etter kommunelova høyrer under fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen ser det likevel som ynskjeleg at fylka går saman om ei felles folkevald nemnd. Grunngevinga er at i dag vil spørsmål som til dømes overordna retningsliner med omsyn til val av mål og strategiar, økonomiske rammer, skuletilbod m.m. bli vedtatt politisk i begge fylka. Ei folkevald nemnd vil sjå til at den politiske styringa med den nye skulen og samarbeidet vert sikra. Eit vertskommunesamarbeid med bruk av ei slik folkevald nemnd inneber at det politiske nivået i dei to fylkeskommunane overlèt sin kompetanse innanfor eit definert område til ei felles folkevald nemnd. Nemnda kan på si side delegere alle avgjersler vidare til administrasjonen i vertskommunen med unntak av spørsmål av prinsipiell karakter.

### **Vidare arbeid**

Med vertskommunesamarbeid gjennom kommunelova § 28-1 med politisk vald nemnd, vil det vere behov for ei grundig utgreiing av kva for oppgåver og kva mynde som skal delegerast. I tillegg må ein ta stilling til korleis fylkeskommunen sitt ansvar mellom anna som arbeidsgjevar og eigar av skulebygninga skal følgjast opp, og av kven. I denne samanheng vil mellom anna tilhøva for dei tilsette og elevane, økonomi og tilbodsstruktur inngå. Alle slike saker må klargjerast i ein samarbeidsavtale. Ein samarbeidsavtale må også ta høgde for opprettning av *ein* felles skule med *ein* arbeidsgjevar, og kva som skal gjelde ved ei eventuell oppløsing av samarbeidet.

I tillegg til ein samarbeidsavtale må fylkesrådmannen gjere greie for samansetting av den folkevalde nemnda, og kva for fylke som skal vere verstsylke. Ei politisk vald nemnd vil berre gjelde den nye fellesskulen i Etne/Vindafjord. Ein må difor vurdere kva for saker som skal liggje til nemnda, og i kva for spørsmål den nye skulen skal følgje verstsylket sine vedtak. Det kan vere naturleg å tenkje seg at spørsmål om tilbod og omfang vil stå sentralt for nemnda, men at myndet i andre ikkje prinsipielle saker vert delegert til verstsylket. Dette spørsmålet må greiast ut vidare og leggjast fram til vedtak som ein del av ein samarbeidsavtale etter at fylkeskommunane har gjort vedtak om *ein skule*.

Grunna kompleksiteten i saka vil fylkesrådmannen etablere ei styringsgruppe og ei eller fleire arbeidsgrupper, og slik sjå til at ein får inn kompetanse innan økonomi, juss, personalpolitikk m.m. i det vidare arbeidet.

### **Tidsplan**

Fylkesrådmannen tek sikte på å leggje fram ein samarbeidsavtale og val av verstsylke vinteren 2015, med rapportering under vegs til relevante utval hausten 2014. Val av nemnd kan skje våren 2015 og tilsetting av ny rektor hausten 2015. Ny felles skule kan starte opp hausten 2016. Det må gjerast vedtak om tilbodsstruktur ved *ein* vidaregåande skule for skuleåret 2016/17 hausten 2016.

### **Vedlegg:**

1. Eit framtidsretta skuletilbod for ungdom frå Etne og Vindafjord (mandat).

2. Advokatfirmaet Thommessen: Rettslig grunnlag for fylkeskommunalt samarbeid om drift av videregående skoler på tvers av fylkesgrenser.